

Eggeløp med 100 ungar

07.04.2012



Kjuklingen minna om ein programleiar

I ein prikkfri regi av Systrene Nilsen vart det andre eggeløpet (eller påskerebusen om ein vil) avvikla i føremiddag og 100 ungar var med. Premiane var 3 velfylte egg og 12 år gamle Ingvild Tolås frå Stord vann det største egget. Ho er påsketurist i bygda pr. båt som mange andre. Det fyrste eggeløpet vart avvikla i fjor og arrangøren lovar no at det skal bli ein tradisjon.



Rebusløpet gjekk langs stranda

Det opna med at onkel Morten (Nilsen) las eventyret om påskeharen som handlar om fuglen som var forvandla til ei hare og sluttar slik:
 Du skal leggja egg kvar vår
 nærmare bestemt i påska
 og sidan har den lille haren
 vorte kalla påskeharen

Etter eventyrstubda bar det ut på rebusjakt langs stranda mot skulen og spørsmåla var greie, tykte deltakarane, Heller ikkje i denne tevlinga kom dei utanom ein bæsje som naturleg nok stamma frå haren, men dei var også innom kumagar, verdas raskaste dyr og uskedalen.no for å nemna nokre av spørsmåla der det var 3 alternativ..

Turen slutta på Rabben der ein velvaksen kjukling stod med egga og var til forveksling lik ein viss progsamleiar for quiz. - i alle fall på kaklinga.

Trekninga var prega av stor spenning men ventetida kunne kortast ned med god servering og summen av det heile må bli gjennomgåande positiv.

Ein påsketurist frå Vestfold karakteriserte arrangementet som ein skikkeleg opptakt til 17. mai og betre kan det ikkje seiast.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen